



Sonata Timofejera og Erlend Vestad med dottera Kaja på 7 månader fann og booka Uskedalen på Airbnb.

Uskedalen med to destinasjonar så langt er ein del av bookingssystemet Airbnb. Uskedalen.no har møtt nøgde kundar som har funne Uskedalen som eit reisemål på Airbnb. Ekteparet Vestad/Timofejera med dottera Kaja har budd i Beinavikjo knapt ei veke. Dei kjem frå Stavanger og har berre godt å sei om leilegheten, bygda, naturen og daglege turmål i kommunen. På Airbnb finn vi to utleigeobjekt i Uskedalen, i Beinavikjo og på Skorpo.

Airbnb er eit ope bookingsystem på nettet. Kunden går inn på kartet, finn plassen og den lokasjonen som høver med bakgrunn i pris, kvalitet og beskriving av leilegheten og lokale tilbod. Airbnb har klare retningslinjer for utleige. To prinsipp ligg i botn. Det er inkludering og respekt, noko som vil sei at utleigar ikkje kan sei nei til kundar ut frå rase, kjønn, religion eller andre personlege legningar. Utleigeforma skal vera med på å skapa menneskleg kontakt på tvers av landegrensene. Meir enn 80000 byar og lokale destinasjonar er på lista så langt. Av alle desse finn vi to utleigemål i Uskedalen.


Ekteparet Vestad /Timofejera med Kaja på 7 månader kom til Uskedalen måndag. Dei har god erfaring med å bruka Airbnb som booking. Dei har til og med brukt systemet på tur til Thailand og elles i Europa. Erlend er frå Molde, er bas i eit rørffirma i Stavanger. Sonata kjem frå Litauen og er sjukepleiar av yrke. På tysdag gjekk dei på Kafe Tiaren. Ein dag gjekk turen til Bondhusvatnet og Baroniet. Ein tur inn i Uskedalen til Fjellandsbø var også ei oppleving.

I år ville dei finna ein plass nær sjøen i Sunnhordland og evt. nordover i Hordaland. Søket førte dei til Uskedalen og eit nyleg utlagd utleigeobjekt i Beinavikjo. Med klare vilkår og retningslinjer for utleige, er Airbnb eit trygt system. Etter opphaldet skriv leigar ei vurdering og gir karakter. Fem stjerner er toppvurdering. Denne vurderinga er open for alle og kan lesast av andre som vurderer leilegheten i Beinavikjo. Så langt har plassen i Uskedalen fått topp score.

I skildringa av objektet i Beinavikjo er det teke med at Uskedalen ligg sentralt i Kvinnherad med kort avstand til Rosnedal og Baroniet. Dessutan er det rimeleg kort køyring for å gå dagstur til Trolltunga. Naturen og solnedgangen i vest er eit anna viktig moment for å velja Uskedalen som overnattings- og buplass.

Nye brukarar er alt på veg inn i toppleilegheten i Beinavikjo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Solnedgangen i Uskedalen er noko av det som vert lagt merke til og omtala i vurderingane på Airbnb.